



SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|---------|-------------------------------------|------|------------|
| 55/2022 | Formannskap/plan- og økonomiutvalet | PS | 31.05.2022 |
| 63/2022 | Kommunestyret | PS | 14.06.2022 |

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------|------------|
| Oliver Gravermoen | FA-N62 | 22/190 |

BREIBANDSPLAN FOR VAKSDAL KOMMUNE 2022-2030

Vedlegg:

Breibandsplan 2022 -2030

VedleggBreibandsplan_Områdeoversikt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Breibandsplanen 2022-2030 slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 55/2022

FPØ - Behandling:

På vegner av Sp, SV og Høgre la Hege Eide Vik, Sp fram følgjande tilleggsforslag:

Kommunestyret ber om ei vurdering fram mot budsjett og økonomiplan haust 2022 på kva beløp ein bør legge inn årleg for å nå måla i breibandsplanen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak vart samråystes vedteke.

Tilleggsframlegget vart samråystes vedteke.

FPØ - Tiltak/Vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret vedtar Breibandsplanen 2022-2030 slik den ligg føre.

Kommunestyret ber om ei vurdering fram mot budsjett og økonomiplan haust 2022 på kva beløp ein bør legge inn årleg for å nå måla i breibandsplanen.

Kommunestyret - Sak 63/2022

KOM - Behandling:

Formannskapet si tilråding vart samråystes vedteke.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Kommunestyret vedtar Breibandsplanen 2022-2030 slik den ligg føre.

Kommunestyret ber om ei vurdering fram mot budsjett og økonomiplan haust 2022 på kva beløp ein bør legge inn årleg for å nå måla i breibandsplanen.

Saksopplysningar:

Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Breibandsplanen er ein temaplan og eit arbeidsdokument med det overordna formålet å sikre stabil, rask breiband til alle fastbuande i kommunen. Plandokumentet gjev ei innføring i lovgrunnlag, teknologi og definisjonar, tilskotsordningar og tilnærmingar til vidare breibandutbygging. Framdriftsplanen og handlingsdelen oppsummerar tiltak og strategiar som kommunedirektøren vurderer som naudsynt og realistisk. Vedlegget gjev oversyn over områder med oppgraderingsbehov og vert oppdatert jamleg.

I statsbudsjettet har tilskotet til breibandutbygging vore auka i 2021 og 2022, særleg sidan pandemien understreka alvoret med ulikskapen i telekom-infrastruktur i Noreg. Også i Vaksdal har vi område som er prega av digital marginalisering, altså ein avgrensa eller ustabil tilgang til internett som hindrar produktivitetsauke. Netttilgang som definert av nasjonale kommunikasjonsmyndigheitar (Nkom) er eit ynskje for tenester, arbeid og fritid som i plandokumentet likestilla med anna infrastruktur som straum, vatn og veg.

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune har i mange år vore aktiv søkar på Nkom-tilskot i område operatørane vurderer som kommersielt ulønsame. I dag har så godt som alle innbyggjarar tilgang til internett, men det er framleis store og små område der tilgangen ikkje innfrir moderne krav, som definert av Nkom til « neste generasjons aksessnett» eller NGA. Føresegnene og lovgrunnlaget for tilskotsordninga føreset at Vaksdal kommune sjølv identifiserer områda, diskuterer med interesserte operatørar, og skreddarsyr søknadar om tilskot som er realistiske å få anbod på.

Dette er ein tidkrevjande prosess som gir resultat, men vi skulle gjerne sett ein raskare prosess. Mange område har vore utan tilfredsstillande internett i årevis i mangel på konkurranse til og med når det offentlege tek utbyggingskostnaden i form av tilskot.

Nye, nasjonale ambisjonar aukar nedlastingsmålet for alle fastbuande husstandar til 100 Mbit/s innan 2025, i påvente av «gigabitsamfunnet» som skal levera endå ti gonger raskare nett. Det er no Vaksdal kommune må vera pådrivar for å få heile kommunen kopla opp til eit raskt nok og stabilt nok nett. Kommunedirektøren ynskjer at nasjonale mål vert innfridd i Vaksdal kommune innan tidspunktet som er satt politisk. Difor er breibandsplanen skrevet med ein ambisjon som er høgare enn årets utlysing om tilskot, som framleis har ein terskel på 30 Mbit/s med NGA krav – med andre ord, kun dei som har NGA-nett med lågare fart enn 30 Mbit/s kan få tilskot i 2022. I dei områda som har stabilt internett mellom 30-99 Mbit/s er det signalisert at Vaksdal kommune vil kunne søkje

tilskot til neste år.

Anbodsprosessen med tilskot for 2021/2022 er i ein avsluttande runde no og inkluderer tre område i Vaksdal kommune – Fosse i Bergsdalen, Maskevikja på Stamnes og delar av Eksingedalen. Vaksdal kommune sitt mål til årets søknadsfrist 10.05.22 var å inkludera samlede område i kommunen som ikkje innfriar NGA-krav, i motsetnad til dei meir spissa søknadane som vart sendt tidlegare. Det er også eit positivt signal i dette: Ambisjonen er å heva nettkvaliteten i kommunen i tråd med nasjonale mål, heller enn ei tilnærming basert på heilt kritiske søknadar om oppkopling av husstandar og områdar.

Breibandsplanen er ein del av kommunal planstrategi og vart etterlyst i interpellasjon i KS 79/20. Det vart halde folkemøte på kommunehuset i februar 2022 med eit godt oppmøte og engasjement.

Formelt grunnlag

- KOM 104/2020 Planstrategi 2020-2023
- Nasjonale ambisjonar nedfelt i [stortingsmelding 28 \(2020-2021\)](#).
- Nkom-tilskot vedteken i statsbudsjettet 2022 med målet om at alle fastbuande skal ha 100 Mbit/s innan 2025 ([oppdragsbrev til fylkeskommunane](#)).
- Lov om offentlege anskaffelser
- Lov om offentleg støtte
- Gruppeunntaksforordningen (GBER) 651/2014 COL

Vurdering og konsekvensar

Vaksdal kommune ynskjer at kommersielle aktørar tilbyr internett til våre innbyggjarar til attraktive marknadsprisar. I ein spredtbygd og langstrakt kommune som vår finns det diverse område som operatørane vurderer til å vera ulønsame for utbygging. Gjennom søknad om tilskot og medfinansiering kan kommunen fasilitere oppkopling av slike områder ved bruk av nasjonale tilskotsordningar og ved å vera ein pådrivar for endring av føresegne og prosedyrar politisk, slik som skissert i breibandsplanen. Plandokumentet oppsummerar og gjev innsyn i korleis desse prosessane er organisert, kva for ambisjonar kommunen kan ha og korleis disse vert til i dialog med operatørane. Tilskotsordninga til Nkom, forvalta av fylkeskommunane, føreset også ein eigenandel på minst 25% ved finansiering av tiltaka. Framdrift og handlingsdel skal kunne brukast til å vurdera måloppnåing.

Kommunedirektøren vurderer at breibandsplanen er eit nyttig verktøy i arbeidet med telekominfrastruktur i vår kommune. Det er naudsynt med offentlege investeringar for å nå ei breibanddekning som innbyggjarane våre og potensielle tilflyttarar forventar, og planen dokumenterer det strukturerte og målretta arbeidet som skal til for å nå måla våre.